

11.04.2016

Stor vårdugnad i båthamna også i år.



Biletet viser ein god del av dei som var med på vårdugnaden for nokre år sidan.

Våren er høgsesong for dognader, og årleg vert det arrangert fleire større dognader for å gjera bygda trivlegast mogeleg og mest mogeleg presentabel til sommarsesesongen. Ein av desse store dognadene er stordugnaden som Uskedal båtlag arrangerer i båthamna. denne vert i år laurdag den 30.april.

Båthamna er ein sentral inntakssport til bygda vår, og det er derfor viktig at den gjev eit positivt og godt inntrykk. I tillegg er det viktig at anlegget vert godt vedlikehalde. Stordugnaden i år vert altså laurdag 30.april mellom kl.10 og ca. kl.14. Jan Henrik Hansen er dognadssjef i Uskedal båtlag, og han har sett opp ei detaljert liste over ting som må gjerast, og utstyr som er nødvendig for å få dette gjennomført. Denne lista er sendt ut til alle medlemmane/aksjonærane på epost. Vi tar den likevel med her:

1. Beskjerding av hekken ned mot sjøen (hekksakser)
2. Sage ned hekken mot campingen (Motorsag / hekksaks.)
3. Montere Partyteltet.
4. Skifte ein avbrekt plank på bølgedemper
5. Sage vekk skruer i støypen på bølgedemper (vinkelsliper)
6. Spyle begge trekaiane (ca. 4 stk. HT spylarar)
7. Sage / klyppa vekk toppgreiner på tre på plenen (båge-sag / klyppar)
8. Lage 2 redningsstigar og montere dei, (materiell /spiker skruer må på plass)
9. Stelle i blomsterpottene(beskjære rosetre etc. hage-rosesaks)
10. Rake vekk kvistar og lauv (trillebåre og rive)
11. Rep. av gangvei (må ha utstyr til å kappe/bore i aluminium.
12. Åpne drenrør fra plenen (utstyr ???)
13. Vire på gangbro til bølgedempar (2x små vireklemmer)
- 14.Oppdatere infotavle ved gamleskulen.

Her skulle vera oppgåver som skulle passa nokon kvar. På ein dognad er også praten og det sosiale både kjekk og viktig. Det vert difor ordna både med kaffi og noko attåt.

Leiar i Uskedal båtlag, Hans Gustav Mussland, seier at han håpar på både godt frammøte og godt ver. Då skulle det vera godt håp om at ein får gjort det som står på lista. Han oppfordrar alle til å sjå på lista og finne ut kva dei kan bidra med.

Det vert også fleire andre faste dognader i tida framover. Vi veit at det er bestemt at det vert dognad på Stemnepllassen onsdag 11.mai kl.18.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland